

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 24.10.2007
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Riksrevisjonen sin rapport om den årlege revisjon og kontroll for budsjettåret 2006**

Styresak 091/07 O

Styremøte 08.11. 2007

Administrerande direktør si orientering pkt 1

Riksrevisjonen sin rapport om den årlege revisjon og kontroll for budsjettåret 2006 blei oversendt Stortinget 16. oktober 2007. Dokumentet inneheld resultatane frå revisjonen av departement og statlege verksemdar, og kontrollen med forvaltninga av selskap der staten er eigar.

Eit utdrag frå dokumentet som gjeld Helse- og omsorgsdepartementet, er vedlagt.

Eit av dei områda som Riksrevisjon har stilt seg særleg kritisk til gjeld vedlikehald av sjukehusbygg. Riksrevisjon peiker i rapporten på at det ikkje ligg føre nødvendig oversikt over helseføretaka sine behov for vedlikehald av sjukehusbygg, og at det i liten grad eksisterer planer for vedlikehald. Det er uttala at ei slik nedprioritering av vedlikehald kan få alvorlege sikkerheitsmessige konsekvensar for tilsette, pasientar og pårørande og kan på sikt også føre til unødig store kostnader.

Øvrige merknadar:

- Dei regionale helseføretak sin oppfølging og kontroll av avtalespesialistane er mangelfull, og ein har i liten grad oversikt over avtalespesialistane sine faktiske prioriteringar.
- Det blir brukt uforholdsmessig lang tid på å få implementert retningslinjene for bierverv som blei vedteke allereie i 2003.
- Det er vesentlege avvik mellom lovleg tildelte spesialistlegestillingar og faktisk tal stillingar ved fleire helseføretak.
- Det er betydelege avvik mellom krav og oppnådde økonomiske resultat i alle dei regionale helseføretaka med unntak av Helse Øst RHF.
- Resultatrapporteringa og måloppnåinga er framleis svak på fleire sentrale område som habilitering og rehabilitering, psykisk helsevern og rus.
- Det er kritikkverdige at det ikkje er rydda opp i merknadssaka frå 2004-kontrollen vedrørande brot på regelverket for offentlege innkjøp ved tildeling av kontraktar til dei regionale sjukehusapoteka